

Statsforvaltaren i Vestland
Kaigaten 9
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/171 - 21/12598

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
24.02.2021

Melding om vedtak

Detaljreguleringsplan for Meland kyrkjegard, planID 125620180002

På bakgrunn av meklingsmøte heldt 4.12.2020 med vidare brevkorrespondanse mellom Alver kommune og Vestland fylkeskommune 8.12.2020 og 17.12.2020 la rådmannen fram følgjande forslag til alternativt vedtak i APM 20.1.2021:

«Alver kommunestyre godtek at følgjande endringar i planforslaget kan gjerast for at motsegnen frå Vestland fylkeskommune kan trekkast;

- Ny kommunal veg med begrensa bruk til Bjørnestad o_SV3 skal opparbeidast med grasarmering.
- O_SV1 skal framleis vera primær veg utanom dei dagar det vert halde tilstellingar i kyrkja. Gangareal o_SGG1 vert endra til arealformål for veg.
- Ny tilkomst for drift via kyrkjemuren i nordvest vert teke ut av planen. Dagens tilkomst for drift, via fylkesvegen i sørvest, kan nyttast ved at ein fjerner symbol for stenging av avkøyrse i plankartet. Dagens tilkomst kan ikkje utvidast eller endrast.
- Skilt som viser til alternativ veg o_SV3 skal oppførast i nord og sør for o_SV1. Skilta avdukast ved tilstellingar i kyrkja og dekkast til igjen etter endt arrangement.

Revidert planforslag for Meland kyrkjegard skal fremmast til Alver kommunestyre for endeleg vedtak av godkjent plan. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-11 og 12-12»

Utval for areal, plan og miljø vedtok i sak 010/21 at administrasjonen måtte greie meir ut om konsekvensar angående drift og økonomi knytt til alternativ løysing. Uttaler frå kommunen si driftsavdeling og kyrkja vart innhenta og lagt ved saka til møte i kommunestyre 18.2.2021. Følgjande vedtak vart fatta av Alver kommunestyre i sak 005/21:

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.»

Vedlagt ligg saksframlegg med vedtak og nemnde uttaler.

Vidare saksgang

Ved denne melding, reknar Alver kommune at meklinga i saka er formelt avslutta.

Motsegnsmynde som i denne saka er Vestland fylkeskommune vil få sendt ei kopi av oversendingsbrevet frå Alver kommune til Statsforvaltaren i Vestland i tråd med KMD sine føringar gitt ved rundskriv H-2/14.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

4.gongs handsaming - Meland kyrkjegard, gbnr. 31631 mfl. PlanID 125620180002
Tilleggsopplysningar i plansak 20171 - Meland kyrkjegard

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN